

2002



Idrettslaget VETEN

Årsmelding



www.veten.info

IL Veten - Microsoft Internet Explorer

Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp

Adresse <http://www.veten.info> Gå til



[veten.info](http://www.veten.info) .om laget .gruppene .aktivitetar .resultat .kontakt

Velkomen til IL Veten på internett.

post@veten.info

Nyhende

- [Årsmøte i IL Veten](#)
- [Tur til Kvittfjell!](#)
- [Flo fotballskule](#)
- [NetCom Alpin Cup](#)
- [Sognefjord Cup](#)
- [Grodås Cup 2003](#)
- [IL Veten med websider](#)

Arrangement

- 22. jan [Rekrutt Cup 1 Nordfj. - hopp/kombinert](#)
- 31. jan - 2. feb [OPNINGSRENN I](#)



FIS NORDIC JUNIOR WORLD

INNHALDSLISTE

1 INNLEIING

1.1	GENERELT	4
1.2	STYRET	4
1.3	MEDLEMSTAL	5
1.4	MØTER OG TILSTELLINGAR	6
1.5	SÆRFORBUND	6
1.6	UTDANNING	6
1.7	ARRANGEMENT	6
1.8	ANLEGG SARBEID	6
1.9	TILLITSVALDE I ANDRE ORGAN	7

2 AKTIVITETAR I STYRET/ARBEIDSUTVAL

2.1	GENERELT	7
2.2	VIKTIGE SAKER I 2001	7
2.3	OLE PETTER STØVE MINNEFOND	8

3 ØKONOMI

3.1	GENERELT	8
3.2	TILSKOT 2001	9
3.3	RESULTAT I DEI ULIKE GRUPPENE	9

4 ÅRSMELDINGAR TIL GRUPPENE

4.1	GENERELT	10
4.2	BARNEIDRETTSGRUPPA	10
4.3	SKIGRUPPA	15
4.4	ORIENTERINGSGRUPPA	18
4.5	SNOWBOARDGRUPPA	19
4.6	TRIMGRUPPA	21
4.7	IDRETTSMERKEGRUPPA	22
4.8	RIDEGRUPPA	22

VEDLEGG 1	REKNESKAP 2002
VEDLEGG 2	REVISJONS RAPPORT
VEDLEGG 3	BUDSJETT 2003
VEDLEGG 4	AKTIVITETSPLANAR
VEDLEGG 5	RESULTATLISTER

1 INNLEIING

1.1 GENERELT

Denne årsmeldinga oppsummerer aktiviteten i Idrettslaget Vetten for året 2002. Årsmeldinga er framlegt på årsmøtet i Frendehall 19. januar 2003.

1.2 STYRET

Styret/arbeidsutvalet i 2002 vart valt på årsmøte 20. januar 2002.

Arbeidsutvalet:	Leiar:	Kirsti Aarøen
	Nestleiar:	Oddvin Myklebust
	Sekretær:	Berit Holen Nygård
	Kasserar:	Torill Fjellvang
	Styremedlem:	Arvid Sølvberg
	Styremedlem:	Berit Takle
	Varamedlem:	Kari Teigen
Økonominemnd:	Leiar:	Torill Fjellvang
	Medlem:	Oddlaug Frosterød
	Medlem:	Kari Teigen
	Rekneskap:	Johanna Myklebust
Utdanningskontakt:		Ragnhild Roset
Barneidrett:	Leiar:	Oddvin Myklebust
	Medlem:	Monica Beate Myklebust
	Medlem:	Berit Holen Nygård
	Medlem:	Rune Berglid
Skigruppa:	Langrenn:	Leiar: Ragnvald Bergset, Ass: Nils P. Støyva
	Hopp:	Leiar: Torbjørn Bergset Ass: Svein Nygård
	Slalom:	Leiar: Alf Edvard Roset Ass: Rune Roset
	Skitau:	Leiar: Thorolf Aarøen Ass: Anders Bergset
	Teknisk sjef:	Arvid Sølvberg
Holmøyskarrennet:		Ola Ødegård
Snowboard:	Leiar:	Robin Berglid
	Nestleiar:	Øystein Kristiansen
Orientering:	Leiar:	Anders Bergset
	Medlem:	Ragnvald Bergset
	Medlem:	Kjell Ove Bergset

Trimgruppa:	Leiar:	Vall Teigen
	Medlem:	Berit Takle
	Medlem:	Torbjørn Bergset
	Bading:	Lars Bergset
	Fotball:	Matias Sølvberg
Ridegruppa:	Leiar:	Berit Bergset
Idrettsmerkegr.:	Leiar:	Arne M. Sølvberg
	Skrivar:	Edel Roseth
	Medlem:	Torill Fjellvang
	Medlem:	Torbjørn Fjellvang
Premienemnd/Materialforv.:		Annbjørg Myklebust
Medlem Stryn Idrettsråd:		Ivar Bergset
Kontakt i friidrettsgruppa Markane IL:		
Det har ikkje vore aktivitet her i år. Det var oppe eit ønskje om samarbeid med Hornindal, men det er enno ikkje gjort noko med.		
Revisor:		Jorunn Skrede Kari Sølvberg
Stiftelsen Vangen Aktivitetsenter:		Erik Ivar Ulvedal Torhild Steinsåker
	Vara 1:	Ola Ødegård
	Vara 2:	Ann Iren Ulvedal
Valnemnd:	Leiar:	Matias Sølvberg Marit Blakset Olav Stølen

1.3 Medlemstal

Ved utgangen av 2002, er det registrert fylgjande medlemstal som har betalt kontingent, tala i parantes er frå 2001.

- Under 17 år	89	(81)
- Over 17 år	147	(155)
- Totalt	236	(236)

Det er ikkje store endringane frå 2001, men vi har ein jobb å gjere med å prøve og behalde ungdomar som ikkje kjem inn under familiekontigenten.

Eit anna moment er dei som står som medlemmar, men som ikkje betalar kontingent. Dei kan vi ikkje telje med.

1.4 Møter og tilstellingar i 2002

- 1 årsmøte
- 1 ekstraordinært årsmøte
- 8 styremøte
- 1 årsfest/basar
- 1 møte Stryn Idrettsråd
- diverse telefonmøter.
- Nordsidarevyen

Utan om dei ordinære møta, har det vore ein del planleggingsmøter. Då kan ein spesielt nemne møter i samband med planlegging av JR VM i 2004. Organisasjonskomiteen er no godt i gang med sitt arbeid, og det har letta arbeidet for styret i idrettslaget mykje. Det har også vore nokre møter med Vangen Aktivitetssenter angående anleggsarbeidet i Bjørkelibakkane

Talet på saker som er handsama i 2002 er 38.

1.5 Særforbund

Idrettslaget er medlem i følgjande forbund

- Norges Skiforbund
- Norges Orienteringsforbund
- Norges Fotballforbund

1.6 Utdanning

Viser til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.

1.7 Arrangement

Etter ein sesong utan stort renn i Bjørkelibakken, grunna anleggsaktivitet, hadde vi Norgescup-finale for junior 23.mars. Det vart eit fint arrangement under topp forhold, som alle var fornøgde med. Det var også meininga at vi skulle arrangere KM i hopp og kombinert, men det vart flytta til Kaupanger på grunn av at K70-bakken ikkje var klar. Det vart arrangert ein skitrøkk dag av snowboardgruppa.

Av planlagde arrangement i vinter, er det KM i hopp og kombinert, opningsrenn / Vestlandscup i Bjørkelibakkane, Worldcup-B og Continentalcup som prøverenn til JR VM i 2004. Elles når det gjeld arrangement, viser ein til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.

1.8 Anleggsarbeid

Det har vore innspurt i anleggsarbeidet i Bjørkelibakkane i år. Det krev så mykje dugnadsarbeid at idrettslaget ikkje har sett seg syn med å ha noko anleggsarbeid. Vi satsar på å kome sterkt tilbake. Det vi må prioritere fram over, er å få til arenaområdet, siste finpuss på løypetraseane og bygge ein Big-jump til skitrøkk området.

Bjørkelibakkane:

I sommar og haust har det vore eit aktivt år på anleggsida i hoppbakkane. K-70 og K-25 bakkane er for det meste klar, det står litt igjen på tilløpa, K-40, K-15 og K-10 er ferdig. Det som gjenstår er "fin-pussen" i hoppbakkane.

Skitauet:

Det har ikkje vore gjort større ting med det eksisterande skitauet vest for Klubbhuset. Det er sett opp eit nytt tautrekk aust for K-40 bakken til bruk for hopparane under trening og renn.

1.9 Tillitsvalde i andre organ:

- Stryn Idrettsråd, Ivar Bergset
- Ung SIR Monica Beate Myklebust

- Organisasjonskomiteen til JR VM STRYN 2004
 - Nestleiar: Ivar Bergset
 - Rennleiar hopp: Ola Ødegård
 - Leiar sal/service: Nils Sølvberg
 - Leiar trafikk: Tor Åge Berglid
 - Leiar marknad: Per Vidar Roset

- O-krinsen: Ivar Bergset

2. AKTIVITETEN I STYRET/ARBEIDSUTVAL

2.1 Generelt

Arbeidet til styret i 2002 har vore mykje om økonomi. Det er naturleg då det er gruppeleiarane som har ansvaret for idretts-aktivitetane, og styret for tilrettelegging. I mange av undergruppene er det flinke leiarar som gjer ein flott jobb med organisering av aktiviteter. Dette gjer at styret slepp mykje direkte organisering, og det er vi svært takksame for.

2.2 Viktige saker i 2002

Kjøp av snøscooter

Det vart på årsmøtet i fjor diskutert kjøp av ny snøscooter. Vi hadde eit overskot som var aktuelt å bruke til dette. Behovet for ein ny snøscooter var stort då den vi hadde var gammal, og at den ikkje var påliteleg nok i bruk.

Arvid kom over ein Lynx 6900/7909 som han tykte var eit bra tilbod, så etter nokre telefonmøter blei det bestemt at vi skulle kjøpe den. Pris ca 57000 + registrering. I rekneskapet er den ført ut av investeringsfondet etter NM.

Egil Fjellvang har teke på seg jobben med å vere snøscooteransvarleg.

Heimeside WWW.veten.info

Idrettslaget har no fått seg eiga heimeside, www.veten.info. Det gjekk ei stund før det blei gjort noko (leiaren må ta skulda for det), men no er det betre. Det er no lagt inn diverse opplysningar, og Øyvind Blakset har teke på seg det vidare arbeidet med vedlikehald av sida. Så dei som har ønskje om ting som bør vere med, kan ta kontakt med han eller leiar. Styret vil få lagt ut alle skriv der, så vi håpar heimesida blir mykje brukt. Årsmeldinga blant anna finn de der.

Ballbinge/ball-bane.

Styret arbeider for å få ein Ballbinge/ballbane i nærområdet rundt Sagehaugen-feltet. Vi har fått løyve av Vidar Bergset på leige av grunn, men i Kommunedelplanen er vi langt nede på lista til å få tilskot til dette arbeidet.

Vasking etter leirskulen.

I samråd med VAS, har idrettslaget teke på seg vasking etter leirskulen. Idrettslaget får 500,- kr i betaling for kvar veke. Dette er gjort for at VAS skal spare lønnsutgifter og idrettslaget får inntekter.

Revisjon av kommunedelplan

Det har i 2002 vore revisjon av kommunedelplanen. Det er endringar i tildelingskriteriane slik at pengane blir tildelt etter antall brukarar. Dette er ei sentralisering av spelemidlane. Sogn og Fjordane kjem langt ned på lista, og vi som ein utkant i Stryn kommune kjem lenger ned. Konsekvensane av dette kan bli at vi må vente i fleire år for å få tildelingar. Det er kun utbygginga av hoppanlegget som er sikra tilskot.

2.3 OLE PETTER STØVE MINNEFOND

Idrettslaget har fått ansvaret for å dele ut ein pris frå eit minnefond etter Ole Petter Støve. Prisen skal delast ut til ein person/organisasjon som har nedlagt eit stort dugnadsarbeid for Vangen Aktivitetsenter. Denne prisen blei delt ut for første gong i 2001. Prisen for 2002 gjekk til Arne Berglid.

3 ØKONOMI

3.1 GENERELT

Idrettslaget har eit positivt resultat på kr. 11.104,75. Det er eit svært godt resultat, når ein tek med at prepareringsutgiftene har dobla seg frå 2001 til 2002 til 120.900,-. Det er ikkje råd å forutsjå størelsen på desse utgiftene då dei er så veravhengige.

Tidlegare i haust, såg det ut til at vi skulle få eit stort underskot. Dette ordna seg ved at ein stor gjeng gjekk i lag å laga ein revy, der inntektene gjekk til idrettslaget. Nordsidarevyen blei kalla "Som juleribba på kjerenga", og vart vist i Stryn Kulturhus laurdag 7. desember for fullt hus. Idrettslaget sat igjen med eit overskot på 33.339,-, som vi er godt nøgde med. Ei stor takk til alle som var med og fekk revyen i stand.

Enkelte av gruppene viser eit "feil" resultat. Dette skuldast for det meste at bilag ikkje er levert på rett år. Derfor kan resultatet i rekneskapet avvike med det gruppene har i sine rekneskap.

Elles vil eg minne om at kvar enkelt gruppe er ansvarleg for sine resultat. Alle gruppene bør også tenkje litt på å skaffe inntekter.

Bilagskvaliteten er ikkje alltid av det beste. Er det noko som er kjøpt/betalt skal ein ha kvittering/bilag. Har ein sal med kontant betaling, får ein bilag med kasserar som ein skal nytte. Det er også best om ein held private bilag utanom idrettslaget sin rekneskap.

3.2 TILSKOT 2002

Største inntektskjelda til idrettslaget er tilskot frå fylke og kommune. Det er derfor svært viktig at styret prioriterer dette arbeidet. Her er eit kort samandrag av tilskota i 2002.

Fylkesanleggsmidlar for fylkesanlegg i Bjørkelibakken:

Fylkeskommunen	46 500
Stryn kommune	<u>46 500</u>
Til saman	<u>93 000</u>

Stryn kommune kulturmidlar:	40 000
Restløyving i desember	<u>3 000</u>
Totalt	<u>43 000</u>

Gåvetildeling Sparebanken Sogn og Fjordane: 8 000

Lotteritilskot, Sogn og Fj. Idr.k.: 12 000

Idrettslaget sin del av inntekter frå speleautomatar.

Norges idrettsforbund og Olympiske komite: 16 000

Dette er midlar som er delt ut gjennom Stryn Idrettsråd, som skal gå til barne- og ungdomsaktivitetane i laget. Brukt til å kjøpe inn tjukkasmatte og trampett.

Sogn og Fjordane Skikrins: 3 000 Barnas- og ungdomens skistipend.

Det er også utbetalt 8 000,- frå Holmøyskarrennet.

3.3 RESULTAT I DEI ULIKE GRUPPENE

Eit kort samandrag av resultatet i dei ulike gruppene:

Trimgruppa	3 464,50
Skigruppa	-112 005,95
Orienteringsgruppa	- 210,85
Idrettsmerkegruppa	-207,70
Barneidretten	-17 822,83
Snowboardgruppa	3 300,40
Ridegruppa	-8 518,00
Hovudgruppa	143 105,18
Finans	8 528,45

For fleire detaljar, sjå velegg i rekneskapet.

4 ÅRSMELDINGAR

4.1 GENERELT

Det har vore ein stor aktivitet i dei flest gruppene i året som gjekk. Styret har mottatt årsmeldingar frå fylgjande grupper:

Barneidrettsgruppa
Skigruppa - Langrenn
- Hopp
- Alpint
- Nakkjen Ned
Snowboardgruppa
Trimgruppa
Idrettsmerkegruppe
Ridegruppa
Orienteringsgruppa

Den største aktiviteten er i aldersgruppa 5 - 13 år. Dette er naturleg då satsingsområdet til idrettslaget er born i den aldersgruppa. Styret vil i åra framover arbeide for å få til eit betre tilbod også for ungdom og vaksne.

4.2 BARNEIDRETTSGRUPPA

1. Fotball aldersbestemte klassar
2. Barneidrettsskule 5 år og oppover utan aldersgrense.
3. Andre aktivitetar.

FOTBALL ALDERSBESTEMTE KLASSAR .

Gruppe-inndeling:

Vi har delt inn i 3 grupper på trening.

Det har i 2001 vore arbeidt med tre tilbod innan denne gruppa :

Gruppe 1: 5 -9 år i 02

Gruppe 2: 10-11 år i 02

Gruppe 3: 12-15 år i 02

Samarbeid med andre lag:

Samarbeidet med Harbagg fungerer godt. Vi har også samarbeidd med Stryn for aldersgruppa 12-15 år: Felles trening ved oppkøyring til sesongen, vi stilte blanda lag på Grodås Cup, vi hadde med 2 Strynspelarar til Norway Cup og vi hadde felles merketaking for dugleiksmerket. Totalt 10 spelarar frå Harbagg IL og 36 frå IL Veten har vore med.

Laginndeling :

Vi har hatt 5 lag :

Knøttelag,	5 - 8 i 02	(10 stk. H=3/V=7 J=3/G=7)
Miniputtlag,	9 - 10 år i 02	(13stk. H=2/V=11 J=3/G=10)
Lillegutt-91,	10 – 11 år i 02	(16 stk. H=3/V=13 J=5/G=11)
Smågutt 11-ar	12-15 år i 02	(14 stk. H=3/V=11 J=2/G=12)

Totalt deltok 46 ungar. H= Harbagg -10 stk., V= Veten -36 stk., J= Jenter -11 stk., G= Gutar -35 stk.

Deltaking :

Alle laga har delteke fullt ut i serie- og turneringsspel for det meste organisert av S. & Fj. Fotballkrets. Knøttelag og miniputtlag har delteke på 4 turneringar i Nordfjordregionen. Lilleguttlaget har spelt 14 seriekampar (dobbel serie) og smågutetlaget har spelt 12 seriekampar (vår- og haustserie). Begge laga har delteke på Grodås Cup – Hornindal. Lilleguttlaget var også til Sogndal og spelte pausekamp mot Stryn (Sogndal-Viking) I tillegg stillte vi 1 smågutelag innandørs KM. På Norway Cup var det eit samansatt lag frå 89 til 87 spelarar.

Resultat/grunnlag :

Knøttelaget har hatt mange fine turneringar og har fått prøve litt av alle 3 resultatata. Variererande oppmøte på trening og turneringar. Også i år har det kome til nokre nye. Med eit par ny-rekrutteringar neste år vil dette verte ein grei spelarstall.

Miniputtlaget har hatt ein god sesong. Fleire gode spelarar i begge aldersklassane. 92 årskullet er ei stor gruppe med ivrige kroppar. Dei eldste fekk også prøve seriespel allereie i år. Neste år må der kome til 2-3 nye. Jamt over god deltaking på turneringane.

Lillegutt-91 har hatt ein litt tung sesong. Deltakinga har vore god på kampar og turneringar, men noko dårlegare på trening. Trenarsituasjonen har til tider vore litt mangelfull p.g.a. tidsvanskar for hovedtrenaren. Spelarane har vist ei flott evne til motivasjon og stå-på vilje, og når dei fekk ein etterlengta siger mot Stryn i siste kampen, stod jubelen i taket. Turen til Sogndal var vellukka – spelarane fekk føle litt av ”tribunesuset” og i tillegg vann dei.

Smågutt 89/88 11-ar.Har hatt sin beste sesong som vart krona med semifinale i Norway Cup! Det starta ikkje så bra; i innandørs KM, Nordfjordhallen i mars, rauk vi ut i innleiande rundar. Vårsesongen var prega av mykje sjukdom og dårleg kamptilbod p.g.a. lag som trekte seg i den oppsette serien. Vi sleit difor ein god del i denne perioden. Vårkampane var jamnspelte, men kom ofte ut i vår dissfavør. Vi enda nest sist på vårtabellen og måtte spele i 2. div. hausten. Etter ein sommar med fleire turneringar og trening det meste av tida, var det eit heilt anna lag i haustsesongen. Vi vann pulja vår, men vart ikkje tildelt sonesigeren p.g.a. at vi hadde 2 dispensasjonsspelarar (Tommy Lykkebø og Kurt Erik Rauset). På GrodåsCup stillte vi 2 89-lag og 2 88-lag ilag med Stryn. Dette var eit tiltak for at spelarane skulle få ein felles oppleving frå fotballen å bygge vidare på med tanke på overgang til felles skule og fotballag. Det eine 89-laget vann klassa. For øvrige plasseringar, sjå vedlagt resultatoversikt.

Men sesongens, og fotballen i Vetten si største bragd, var bronsemedalje i NorwayCup! Etter ei god turnering, var det bittert å ikkje kome heilt til finalen. Semifinalen mot Hødd vart prega av ”stang ut” for vår del. Vi tapte 0-1 men **VANN BRONSEMEDALJE!**

Her må også støtteapparatet; Olav Stølen, Thorolf Aarøen og Torbjørn Bergset takkast for ein kjempejobb og positiv innstilling. Lagsbussen, som vart kjøpt inn rett før turen til Oslo, var eit viktig element i den gode sosiale ramma som prega opphaldet. Desse 2 NorwayCup turane som vi har hatt dei 2 siste åra, trur eg vil sitte positivt i minnet på både spelarar og leiarar i mange år framover.

Dei er med på å gjere ein stolte både av plassen og idrettslaget ein tilhøyrer!!

Desse 2 årsklassane vert til neste år delt. Difor har vi ikkje vidare grunnlag for å stille 11-ar lag, som etter underteikna si meining er sportsleg nødvendig i denne alderen. Vi vonar at vi klarer å halde dei i idrettsmiljøet og at alle spelarane held fram på smågutelag og gutelag i Stryn. Som trenar for denne gjengen i 8-9 år vil eg få takke dei for ei kjekke tid med mange spanande og flotte både kampar og turar.

Menn senior 6. div. Dette er eit voksenlag og ligg soleis ikkje under barne- og ungdomsidretten. Tiltaket vil vonaleg kunne vere eit framtidig tilbud til ungdomar som blir for gamle til den aldersbestemte fotballen. Laget bestod i år hovudsakleg av spelarar frå Hardbagg. Vi har hatt med 2 spelarar; Øyvind Blakset, Arild Rognes.

Trening :

Gr. 1 (5-9 år) har trent på skuleplassen i Blakset. Gr. 2 (10-11 år) og Gr. 3 (12-15 år) har trent på Ålandsleitet, Gr.1 og 2 har hatt trening 1 gong i veka. Gr. 3 har hatt 2 treningar. Felles trening med Stryn ved oppkøyring til sesongen Det var sett opp køyrelister til alle treningar og kampar – dette fungerer godt.

Merketaking :

I år vart det lagt ned ein stor innsats i samband med merketaking :

Svært mange tok Minimerket. Dugleiksmerket består av svært mange vanskelege øvingar, der var det 5 stk. som klarte dette i år. Sjå vedlagte oversikt. Dugleiksmerkeprøvene vart gjennomført på krøllgras i Stryn ilag med dei.

Vidare spelarutvikling:

Monica Beate Myklebust har byrja på Kaupanger sitt damelag. Iselin Myklebust har spelt på Stryn sitt jentelag og på S & Fj. sitt jentekretslag. Pål Holko, Petter Hammer, Magnus Brendehaug og Vegar Ola Blakset har spelt på Stryn sitt juniorlag/ 2. lag.

Pål Holko har spelt på S & Fj. sitt kretslag og var også med på regionssamling i Bergen. Han har også fått plass på Vålerenga sitt rekrutteringslag

Leiarar :

Trenarar

Knøtte- og Miniputtlag:	Arve Skrede
Lillegutt 91	Dag Hopland
Smågutt 11-ar	Oddvin Myklebust/Øyvind Blakset

Oppmenn

Knøtte- og Miniputtlag	Merete Holko
Lillegutt 91	Svein Nygård
Smågutt 11-ar	Olav Stølen

Utstyr

Smågutelaget fekk komplett nytt draktsett og bagar med Coop Norge i samband med NorwayCup

Inntektskjelder : Lotteri, loddbok og div. sponsorar i samband m. Norway Cup.

Premiering :

Alle som er medlemar i IL Veten fekk premieskjold utdelt på årsfesten. Alle spelarane har fått utdelt diplomar med lagbilde. Det vil også verte hengt opp bilete på klubbhusa

Dei som var med til NorwayCup fekk lagbilde med enkeltbilde. Desse spelarane fekk også gåvekort på 200,- kr frå idrettslaget (Hardbagg gav sjølv premie til sine). Bronsemedalje til kvar enkelt spelar og stor pokal som står i klubbhuset.

For Grodås Cup klasse lillegutt 89, fekk vi 2 pokalar (A og B sluttspel) samt vandrepokalen i lår.

Dugleiksmærke; nål og diplom. Minimerke; jakkemærke og diplom.

Oppslutning:

Varierende oppmøte på treningane i dei yngre klassane. Jamt oppmøte og god disiplin på treningane i den eldste gruppa. Publikumsoppmøte på heimekampane varierer. Bra foreldreoppmøte på turneringane. Foreldrene er flinke til å følge opp køyrelistene.

Satsingsområde:

Vi slit med å få folk på trenar- og aktivitetsleiarkurs. For å få kontinuitet i å ”drive” barnefotballen framover, er det heilt nødvendig at ein eller fleire foreldre med ungar i dei komande årsklassane tek dette ansvaret. Også ungdomar, i alderen 15 år og oppover, har synt seg å vere gode trenarar og innspiratorar – desse må nyttast meir!

Klare å halde god kvalitet på treningane - ro/orden, teknikk og speleforståelse. Helst vere 2 trenarar på dei eldste årsklassane. Halde fram arbeidet med dugleiks- og ferdigheitsmærke. Motivere til foreldre-engasjement – legge eit opplegg der så mange foreldre som mogeleg har ei eller fleire oppgaver; ansvar for sosiale tiltak, ansvarleg for turneringar m.m.

Møter/sosialt samver:

Møte for å klarlegge sesongen samt sommarturneringar mellom trenarar og oppmenn.

Ved sommaravslutninga hadde knøtte- og miniputtlaget ei markering med is og brus v. Blakset skule. Ved haustavslutninga arrangerte dei ilag med lilleguttlaget ei flott avslutning med Minimerketaking, pizza, brus og kaffi. Heile 60 personar var til stades på skuleplassen og i gymsalen i Blakset.

Smågutt hadde avslutning på Ålandsleitet i samband med siste haustkamp. I tillegg hadde dei offisiell avslutning på sesongen i kulturhuset i Stryn, der også spelarane m. foreldre frå Stryn deltok. Her vart det vist billedkavalkade frå NorwayCup og generelt frå fotballkarieren frå knøtt til smågutt for 88/89/90-gjengen. Her fekk Olav Stølen og Oddvin Myklebust kvar sin akvarell, mala av Magne Kristiansen, som takk for mangeårig innsats. Thorolf Aarøen og Torbjørn Bergset fekk kvar si plante som takk for velvilleg innsats i samband m. NorwayCup. Det sosiale samveret på Norway Cup var flott; god stemning og samhald mellom spelarane, leiarane og foreldra.

Ikkje minst den flotte velkomsten hjå Olaug Bergset vi fekk når vi kom heim midt på natta, vart sett stor pris på. Her hadde foreldre ordna med velkomstkommité, pizza, brus, kaker og ikkje minst bollane til Olaug.

IDRETTSSKULEN:

Semesteret 01/02:

For generelle opplysningar om dette semesteret viser ein til årsmeldinga for 2001.

Avslutning:

Semesteret 01/02 vart avslutta med kaker, brus og kaffi for ungar og foreldre på Aktivitetscenteret 19/3, der alle som var på Vangen den kvelden fekk vere med. På Idrettslagsbasaren fekk alle deltakarane utdelt det generelle premie- skjoldet.

Utstyr:

Trampett og tjukkasmatte ilag med skulen.

Leiarutvikling:

Berit H. Nygård var på kurs i Stryn vedk. aktivitetar til bruk i IS.

Berit og Oddvin var på seminar i Førde vedk. motorisk trening av barn.
Jon Kåre Blakset og Oddvin Myklebust var på 2 dagers kurs på Idrettsenteret i Sogndal vedk. trening av ungdom.
Smørjekurs på Vangen Aktivitetsenter ilag med Hardbagg.

Møter:

1 oppstartsmøte for styret i barneidrettsgruppa, samt fleire koordineringsmøter.

Semesteret 02/03:

Barneidrettsgruppa :

Leiar - Oddvin Myklebust, hovedansvar for organisering - Berit Holen Nygård, styremedlem - Rune Berglid. I tillegg til dei voksne instruktørane, er det positivt å sjå kor godt det fungerer med unge leiarar. Christine Hagen og Iselin Myklebust har hatt ansvaret for handball for gruppa 9 år og oppover. Det er tydeleg at desse ungdomane appellerar til dei som no er i ferd med å verte ten-åringar sjølve.

Gruppe-inndeling:

Gruppe 1: 5 - 8 år i 02, Gruppe 2: 9 år – og oppover i 02

Tidsplan: Oppstart 25.10.02 (klatring i Lyhamrane), avslutning 08.04.03 (speidaraktivitetar). Kvart tilbod varer i ca 4 timar fordelt over 4 ganger, for det meste tysdagane.

Påmelde: 22 stk.

Kursavgift:

1 barn kr 250,- 2 barn kr 350,- 3 barn kr 400,-

Aktivitetar: Sjå eige vedlegg. I tillegg har vi hatt klatring i Lyhamrane og fising i sagedammen på Ulvedal.

Utstyr: Ingen nye kjøp.

Leiarutvikling: Oddvin Myklebust var på 2 dagers kurs på Idrettsenteret i Sogndal vedk. basistrening av ungdom.

Generelt:

Vi har igjen valt same mønsteret for IS som føregåande år. Vi arbeider med betre måtar å organisere IS sine skiaktivitetar på Vangen. Større innslag av friluftslivsaktivitetar enn føregåande år.

Ei viktig oppgave for ein idrettsskule, er å gi ungane ein allsidig kroppsbeherskelse /bevegelseserfaring. Vi har difor valt å fylgje opplegget til Noregs Gymnastikkforbund: ”Idrettens Grunnstige”. Kort fortalt er dette god ”gamaldags” gymnastikk i ei litt meir moderne form. Dette opplegget vonar vi at også Nordsida skule vil fylgje. Då vil ein få mykje betre kontinuitet og større utbyte av opplegget.

Styret i IL Vetten har vedteke at ingen under 10 år skal drive ”spesialtrening” utanom ”sesongen”. Tilbodet for denne aldersgruppa skal vere IS.

MEN DET VIKTIGASTE AV ALT: FORELDRA MÅ HA FORSTÅING FOR KOR VIKTIG IDRETTSSKULEN SIN LEIK OG ALLSIDIGHEIT ER FOR FRAMTIDIG LYST OG GRUNNLAG TIL Å DRIVE EIN ELLER FLEIRE SPESIALIDRETTAR.

ANDRE AKTIVITETAR .

Stafettar:

Olden Stafetten

Gutestafetten (5. plass.)

Christian Holko, Rune Myklebust, Øystein Kristiansen, Knut Helge Bergset og Marianne Roset.

Kjeringi Open – Fjelltelemark på Leikanger:

Stilte også i år med lag i klasse open junior: Veten Young Boys.

Telemark; Rune Myklebust, Langrenn; Tarjei Bø, Springing; Øystein Kristiansen, Sykling; Christian Holko. Det vart ein kjempeflott 2. plass av totalt 9 lag.

I tillegg gjennomførde Rune alle etappane – superkjering i klasse junior gutar (13-16 år) og kom inn til ein sterk 3. plass

Breklatring i Briksdalen:

Vi arrangerte ein flott tur til Briksdalen, der vi hadde leigt instruktørar som instruerte i breklatring. Ca. 15 stk. deltok. Triveleg oppleving.

Ulvedal 17.01.03

Oddvin Myklebust

Leiar barneidrettsgruppa.

Vedlegg : Aktivitetsplan Idrettsskulen 02/03, tabellar, oversikt deltakarar og plassering arrangement IL Veten

4.3 Skigruppa

ÅRSMELDING LANGRENNSGRUPPA

Leiar langrenn: Ragnvald Bergset

Medhjelpar: Nils P.Støyva

Møte:

Møte for planlegging av sesongen

Møte for å planlegge fellestrening

Fagmøte langrenn på Skei

Instruksjon/trening:

Fellestrening med Hardbagg, frå januar til mars for aldersgruppa 12-15 år. Annankvar gong Vangen Akt.senter og Ålandsleitet. Instruktørar: Leiv Tvinnereim, Alfred Tytingvåg, Roy Aron Myklebust og Ragnvald Bergset. Dette fungerte fint og vi hadde gode treningsforhold heile vinteren.

Felles barmarkstrening starta opp att i oktober. Vi har også hatt nokre økter på ski, men det har vore lite snø og vanskelege forhold.

Arrangement:

4 cuprenn med 25, 23, 15 og 12 deltakarar. Det tredje rennet var også lagsmeisterskap. Vi skulle ha arrangert ein krets-stafett, men måtte avlyse p.g.a. snøstorm. Holmøyskar-rennet kom i mål på Vangen Aktivitetssenter. Det var fint ver, gode løyper og mykje folk.

Deltaking på konkurransar:

Det har vore bra deltaking av dei yngste på lokale renn. Vetten hadde 4 lag på kretsstafett og KM-stafett på Ullsheim og tre lag på kretsstafett i Hornindal. Elles vil eg nemne Marianne, Knut Helge og Rune som deltek mykje og hevdar seg heilt i toppen i sine klassar her i fylket. Marianne vart kretsmeister i langdistanse langrenn. I Fylkesbank rekruttcup vart Marianne nr 2 og Rune nr 3 i sine klassar. Marianne og Rune deltok også på Ungdomens Holmenkollrenn.

Diverse:

Vi fekk snø i lysløypa tidleg i november, og hadde stort sett gode treningsforhold heile vinteren. Tur-traseane til Rosetstøylen og Nosakleiva vart tidleg oppkøyrd og er populære.

Vil i år også få takke dei som syter for god preparering av løypenettet.

For langrennsgruppa

Ragnvald Bergset

Årsmelding hoppgruppa

Interessa for hopp ser ut til å vere aukande og aktiviteten i hoppbakkane er stor.

Hoppssesongen 2001/ 2002 starta med barmarkstrening i gymsalen i skulen fram til jul og trening i bakkane frå jul. Når det først kom stabile snøforhold var det meir enn vi hadde bruk for. Dette førte til mykje arbeid med preparering kvar trenings- og renndag men det vart likevel gode og effektive treningskveldar.

Skikrinsen organiserte i år rekrutteringscup som var lagt opp med 4 renn i kvar region i fylket. Nordfjord hadde 2 renn på Vangen og 2 renn på Seljeset i Hornindal med stor deltaking frå IL Vetten og Hornindal på alle renna. Denne Cupen vart avslutta med finale i Kleiva Hoppanlegg i Førde 7 april med i alt 13 deltakarar frå Vetten og med gode resultat. Vetten vann også premien på 2000 kr. for beste rekrutteringslag i regionen og med 13 deltakarar i finalen vart Vetten også største hopplaget i fylket.

I tillegg til rekruttcuprenna vart det også delteke i mange andre renn:

Kleiva Førde 13.jan. 9 deltakarar.

Fjellbakken Stordalen 27.jan. 10 deltakarar

Bjørkelibakkane 10.febr. 18 deltakarar

Hjortebakkane Kaupanger 17.febr. 5 deltakarar

Hjortebakkane Kaupanger KM 03.mars 11 deltakarar

Knut Helge Bergset vart krinsmeister i Kombinert og Tormod Fjellvang vart krinsmeister i Hopp.

Veten arrangerte Lagsmeisterskap i hopp/ kombinert 1. april med 33 deltakarar i hopp og 8 deltakarar i kombinert.

IL Veten var i år arrangør av NC avslutning K 90 23. mars. Rennet vart avvikla i godt ver og gode forhold. Rennet hadde stor deltaking og var utifrå omtalen eit vellukka arrangement.

Anlegg: Det vart kjøpt inn eit brukt tautrekk for monterig aust for K 40 .Ein arbeidde med dette utover vinteren og fekk det ferdig og godkjent av Veritas.

Etter planen var det i år lagt opp til å gjere ferdig hoppanlegget der K 70 var den store oppgåva. Det har vore lagt ned stor dugnadsinnsats i anlegget i sommar og haust. Først vart tilløpet på K 15 dreia 1,8 meter for å gje betre plass til K 25 og K 70.

Deretter har ein konsentrert arbeidet om å gjere ferdig tilløpet på K 70 og diverse reparasjonsarbeid på K 90.

Maskinarbeidet har pågått sidan august og fram til november og det er gjort ein god jobb for å få anlegget så pent og teneleg som mogeleg.

Sjølv om anlegget no er ferdig til bruk, er det framleis mykje arbeid som står att før det er fullt ut ferdig som det skal vere. Sikkerhetsvant langs K 70, div. trapper og plattingar, nasjonsboder og div. rom for bruk under junior VM, spormaler for K 40 og K 25 evt. K 15 dommartribune for K 40 og ikkje minst vedlikehald av det som er bygd opp.

Med den aktivitet og interesse som det har vore i laget i det siste er det godt håp om at vi snart har hopparar i dei store bakkane og at det kjem nye småhopparar etter kvart.

Jon Kåre legg opp til gode treningsopplegg og vil ha med seg andre til å trene og følge opp dei aktive. Det er også planer om å prøve å påvirke andre lag i Stryn Kommune til å bruke dette hoppanlegget slik at vi kan få eit stort hoppmiljø i dette anlegget.

Torbjørn Bergset
-hoppgruppa-

Årsmelding for slalomgruppa

Det har vore bra aktivitet i slalom gruppa dette året.

På Netcom-Cup var det med heile 10 deltakarar som var med i minst 4 renn.

På Even Hole Cup var det med 6 deltakarar.

KM i Hafslø vann Marianne Roset. Marianne har og vore på Krinslagssamling på Juvass, Bjorly og fartstrening på Kvittfjell.

Vi har elles treningsamlingar i Stryn to dagar i veka for dei eldste og ein dag for dei minste. Det vart lagsrenn i år og, i gamle skitrekke, det var heile 34 deltakarar med smått og stort, så vi kan konkludere med god interesse for alpint i IL Veten.

Formann i alpint Alf Edvard Roset.

NAKKJEN NED 2002

Nakkjen ned vart i år arr. 28. mars (skjærtorsdag.)

Løypa var sett av Ragnvald (mykje skryt)

Nytt i år var mini nakkjen ned, for dei minste, dei rende frå toppen av gamle trekktrasen.

Deltakarar:	Mini nakkjen ned	15stk
	Nakkjen ned (trim)	7stk
	Nakkjen ned (konk.)	33stk

Klassevinnarar frå Vetten:

Robin Berglid, Odd Arne Bergset, Sissel Ø.Vamråk
Monica Beate Myklebust

Tylerenningpåskikontakt
Anders Bergset

4.4 ORIENTERINGSGRUPPA

STYRET: Anders Bergset (leiar)
Ragnvald Bergset
Kjell-Ove Bergset

STYREMØTE: 1 stk.

ARRANGEMENT:	3 stk. nær o-løp	totalt	75	deltakarar
	Km individuelt		56	deltakarar
	Knax løp		45	deltakarar
	O troll leir (fylkesleir)		12	deltakarar

DELTAKING: I tillegg til trening/nær o-løp har vi hatt deltakarar på
O troll leir på Ullsheim og på Fylkesleir på Vangen Aktivitetsenter

KM INDIVIDUELT

Bård ove Bergset	1pl.
Kristina Bergset	4pl.
Isak Bergset	7pl.
Anders Magne Bergset	2pl.
Knut Helge Bergset	3pl.
Kjell Bergset	2pl.
Rannveig Bergset	4pl.
Ragnvald Bergset	2pl.
Ivar Bergset	4pl.

KM STAFETT

H17-(Anders,Ragnvald,Kjell)	3pl.
H13-16(Anders M,Knut H,Isak)	deltatt

NORDVESTGALOPPEN

Vi stilte i år med 14 delt. på Nordvestgaloppen i Sunnfjord.
Vi leigde ei stor hytte i lag med fam. Bjørn Ødegård som var
heime på ferie.

Vebjørn, Kristi, Kristina, Ragnild, Isak, Bård Ove hevda seg godt i N-løypa, Anders Magne vann alle løpa.
Elles mange gode resultat i veteran og B klassane.

IL VETEN O-GRUPPA

4.5 SNOWBOARDGRUPPA

5.1.2003

Årsmelding Nordsida Snowboard & Skateboardklubb.

Vi er ein Snowboardklubb for alle interesserte i Stryn og på Fjelli. Vi ønskjer å skape eit snowboardmiljø der alle er velkomne. Vi ønskjer også å få med oss ungdom i Stryn og i indre Nordfjord som interesserer seg for snowboard/ skateboard. Dette gjer vi ved å marknadsføre oss gjennom kampanjar, skriv og websider. Vi har inngått ei avtale med Dagendin.no, dei sponsar oss med ei webside, original pris 15.000kr. Vi betalar 3000kr, men vi må sjølv ordne den grafiske designen. Som takk for dette kjem vi til å arrangere ein Dagendin.no Snowboardcup på Vangen Aktivitetssenter.

Vinteren sine aktivitetar kjem til å foregå på Vangen Akt. og i Stryn Skisenter. Vi kjem til å arrangere snowboardkveldar på Vangen Akt., samlingsdagar i Stryn skitrekk. Dagendin.no cup på Vangen Akt. kombinert med ei snowboardhelg for alle interesserte. Vi kjem også til å delta på turen til Kvittfjell.

Den sesongen som var:

Vinteren 2002 arrangerte vi Netcom Skitrøkk på Vangen Aktivitetssenter. Vi vart sponsa med 5000kr frå Netcom til å arrangere dette, pluss ringkontantkort som vi kunne bruke som premiar. Vi hadde blant anna fleire ulike aktivitetar. Til dømes: Natursti, bålgrilling, Bigjump, Boardercross konkurransar. Vi skulle også ha fartskonkurranse ned unnarenet på 90 metersbakken, men det var ikkje så mange som var der så vi fekk meir enn nok med dei aktivitetane som vi hadde. I tillegg var vi og rende i skogen der det var laus snø. Vi hadde også kiosk og trekket gjekk heile kvelden.

Vi var med Olav Sølvberg for å bygge ein Bigjump i gamle trekket til denne dagen. Og vi bygde ei boardercrossbane og eit uvisst tal med hopp. Dette ynskjer vi å gjenta i denne sesongen.

Vi leigde trekket på Vangen Aktivitetssenter og hadde ein Snowboardkveld. Det kom mange Snowboardarar som tykte dette var kjekt og sto på brett denne kvelden. Vi hadde kiosk og andre ulike aktivitetar. Dette var noko som vi kunne tenkje oss å gjenta.

Elles har vi vore på Vangen Aktivitetssenter og stått på Snowboard, og nokre gongar i Stryn Skisenter.

I sommar leigde vi ut skateboarda og rulleskøytene våre til privatpersonar som ynskte å prøve desse aktivitetane.

Vi arrangerte ein pizzakveld på Napoli der kom det ein gjeng snowboard interesserte. Vi var ca.10stk. til saman, og vi fekk tre nye medlemmer frå Stryn denne kvelden. Det var Ingeborg Aarseth, Terese Flo og Vegar Sætren Bøe. Vi har sett medlemskontigenten til kr 100,- då går 50kr til Idrettslaget Vetten for å melde dei inn i Vetten, og resterande 50kr går til klubben. Vi planla den nye vintersesongen og vi bestemte oss for at vi skulle ta ein tur til

Hafjell/ Kvittfjell men sidan Idrettslaget Veten skal til Kvittfjell har vi ikkje planlagt dette noko særleg meir. Men vi reknar med at vi vert med dykk. Vi planla også at vi skulle ha oss nokre samlingsdagar i trekket i Stryn og på Vangen Akt.

Vi kjøpte ein GT triksesykkel på Kvass denne sommaren. Denne sykkelen var meint som klubben sin eigendom og vi lånte den ut til mange klubbmedlemmer som har nytta sykkelen aktivt denne sommaren. Vi har vore og triksa med den nye sykkelen nede på vegen. Denne sykkelen har vore mest i bruk den sommaren.

Sesongen som kjem

Vi vil prøve å få til nokre samlingsdagar i trekket på Vangen og i Stryn på laurdagar. Denne sesongen har vi ikkje gjort noko spesielt forsøk på å tene pengar, men vi har sett oss ut nokre moglege jobbar.

Dersom det er mogeleg vil vi gjerne bygge ein ny Bigjump i gamle trekket av snø. Vi ønskjer å bygge ein BigJump som vi grev til med jord og steinar men vi veit ikkje korleis vi skal gå fram når det gjeld planlegging og søking etter pengar.



← Dette er eit bilde av ein liten BigJump, vi ønskjer oss eit slikt hopp. Sidan Vangen Akt og idrettslaget skal satse mest på hoppSPORT, bør dei ta hensyn til andre hoppøvearar som ikkje alltid skil seg ut. Grunnen til at vi ønskjer oss dette "vesle" hoppet er at vi ikkje har vårt eige hopp. Hopparane har 6-7 hoppbakkar som vi ikkje får nytte før vi kløyver fjøla vår. Eg tykker det er svært positivt med hoppbakkane på Vangen men det manglar ein Bigjump. Dersom hopparane har lyst er dei hjarteleg velkomne til å prøve hoppet.

Vi er 15 faste medlemmar i alderen 12-15 år, men fleire ungdommar har utstyr og er av og til med på aktivitetane.

Det er behov for smørje / prepareringsutstyr og bord samt stativ for brett og nokre små snøspadar.

Nordsida Snowboard & Skateboardklubb.
Med Helsing.

Robin Berglid.

Øystein Kristiansen.

Leiar.

Nestleiar.

57875566
48119012

57875672
48223958

4.6 TRIMGRUPPA

Bading i Symjehallen i Stryn

Ansvarleg: Lars Bergset

Badevakter: Anita Blø Sølvberg, Olav Erik Hagen, Heidi Fjellvang, Kjell Olav Gausnes, Torbjørn Teigen, Monica Beate Myklebust og Arvid Sølvberg.

Det har i år 2002 vore 28 badekveldar. Badetida er torsdagar kl 19.30-20.30.

Frammøte har vore 310 vaksne 587 born.

Samla inntekt:

310 vaksne à kr 20	kr. 6200
587 barn à kr 10	<u>kr. 5870</u>
Tilsaman	kr.12070
Leige symjehall 28 à 300	<u>kr. 8400</u>
Overskot	<u>kr. 3670</u>

Det har jamt over vore godt frammøte noko som og overskotet viser.

Fjelltrimmen

Ansvarleg: Lars Bergset

Besøkstala på fjelltoppane våre auka også i 2002, 1604 besøk mot 1543 i 2001.

Tala er slik for 2002, med tala for 2001 i parantes.

Holmøyskaregga	85	(70)
Glitteregga	123	(80)
Heida	240	(297)
Blåegga	310	(326)
Bergsetnakken	846	(770)

Årets fjelltrimmar vart Idar Holen med heile 1924 poeng, som er høgaste poengsum som er oppnådd sidan fjelltrimmen starta. Den "gamle" rekorden hadde Ragnvald Bergset i fjor med 1362 poeng. Kan opplyse at Idar Holen var 103 gongar på Blåegga. Nemnast bør også Kjell Roset som vann klassen over 50 år med 1646 poeng.

Det var i år sett opp vandreskjold for beste dame i fjelltrimmen, og første napp i det fekk Solveig Lien Roset med 294 poeng.

Lars Bergset

Tysdag og torsdag er det trimtur. Turen startar på Ulvedal, og du går så langt du vil (utover eller innover).

Orientering frå trimgruppa vil du finne på oppslegne plakatar rundt om i bygda.

Berit, Vall og Lars

Trimgruppa har også i år hatt eit fotballag med på Von-cup. Det har vore treningar på skuleplassen ved skulen og på krøllgrasbana i Stryn. Det vart ikkje det beste resultatet, men det var god innsats.

4.7 IDRETTSMERKEGRUPPA

Årsmelding for Idrettsmerkegruppa

Tillitsvalde:

Arne M Sølvberg, leiar
Edel Roseth, sekretær
Torill Fjellvang
Torbjørn Fjellvang

Idrettsmerkeprøver:

Det vart avvikla idrettsmerkeprøver på Blakset skule 20. sep. 2001. Tilskipinga var utlyst i "Fjordingen". Berre 6 personar har gjennomført prøvene i meldingsåret. Av desse er det 4 menn og 2 kvinner. Det låge talet er eit forsterka signal om den fallande interessa som har vore for idrettsmerket siste åra. Men gruppa vil og ta sjølvkritikk på at det ikkje vart tillyst fleire prøvekveldar.

Utmerkingar:

I meldingsåret har Torbjørn Fjellvang oppnådd kravet til veteranstjerne (som vert tildelt for kvart 15. poeng over heidersteiknet).

Utmerkingar for 2000 vart utdelt på årsfesten 2001.

For idrettsmerkegruppa
Arne M Sølvberg

4.8 RIDEGRUPPA

Årsmelding for ridegruppa

I 2002 har aktiviteten eksplodert i ridegruppa! Pr i dag er der 6 nye på rideknappen-kurs og 12 vidarekomne som trenar aktivt ein til to kveldar i veka. I tillegg er vi tre eldre juniorar som bur vekke på hybel i år, dei trenar sjølvstendig i helgane.

Aktivitetar i 2002:

- Vi heldt rideknappen kurs for 9 elevar, 3 om våren og 6 om hausten
- Vetemeisterskap i gymkhana
- Open dag i påska med riding og aktivitetar for alle aldre.
- Mai: Kaffi-på-Statoil tur: Der rir vi fjellet inn til Langesethøgda, snopar og rir utatt! Ca 7 timars tur.
- Overnattingstur i fjellet i sommar: Vi starta på Bergset, rei i Klebersdalen, inn Blaksetdalen og over til Raufjell der vi overnatta. Dagen etter rei vi heimatt via Øyestadstøylen.
- Oktober: Hestane flytta innatt i stallen, oppstart av rideknappenkurs og treningar for dei som har ride litt før.
- Nytt av året var ei trening for gutar ein kveld i veka.

Rekneskap 2002

Inntekter	Sum
Kursavgift	2450
Open stall	2300
Idrettsskule Vetem	1650
Idrettsskule Hardbagg	1050
Idrettsskule Stryn/Markane	900
Idrettsskule Loen	600
Barneriding under KM-orientering	340
Utgifter	
Instruktør kurs	-2450
Brøyting bana	-800
Skilt til ridebana	-744
Resultat	5296

Aktivitetar i 2003:

No er treninga i gong for fullt, vi har dessverre ikkje hatt tid til å ha møte enno, men vi kjem til å fortsette med treningane framover til sommaren.

I år har vi treningar med voltige. Voltige vil seie turn på hesteryggen, der eit lag på 3-7 personar utfører definerte akrobatiske øvingar på, over og omkring hesteryggen. Vi har to lag, eit som trenar 1 dag i veka og eit som trenar annankvar veke. I tillegg til treningane på hesteryggen skulle vi hatt "barmarkstrening" i treningshall der vi får trent på øvingane på ein stillestående leikehest. Dersom nokon foreldre eller andre kunne tenkje seg å hjelpe til blir vi veldig glad!

Vi har også 2 grupper som trenar dressur. For å kome oss vidare i treninga skulle vi hatt noko meir hindermateriell og betre dekke på bana. Dette har vi midlar til, vi treng nokon til å hjelpe oss å få gjort jobben.

I tillegg har vi 1 gruppe som vil lære meir om hest og ferdsel i skog og fjell. Deses trenar ein kveld i veka, der vi rir på tur og lærer om oppakking av kløv, stell av høver og generelt stell av hest på langtur.

Ridebana: Vi treng ein stad ved bana for å søkje ly og lagre banemateriell. Vi har fått lov å flytte den gamle høylada som står i Sagehaugen aust opp til ridebana slik at vi kan bruke denne, mot at vi set den i stand. Lada er svært gammal og verneverdig. Vi har snakka med fylket, dei vil gje oss stønad til å restaurere den. Men igjen manglar vi nokon til å hjelpe oss med det praktiske arbeidet. Dersom nokon kan hjelpe oss vil vi ta til med arbeidet snarast råd!

For Ridegruppa, Berit I Bergset